



Munnlege og skriftlege tekstar
8.–10. trinn
Lærer: Ellen Flognfeldt
Tangenåsen skole, Nesodden

LESESIRKEL OG ROLLESKRIVING

44

I denne filmen får vi sjå eit utdrag av eit lengre litteraturprosjekt rundt romanen *Narnia-draumar* av Lars Mæhle. Målet er å gje elevane ei god litteraturoppleving ved å utforske teksten og språket på ein systematisk måte med ulike lese- og skrivestrategiar.

Narnia-draumar er den andre boka til Lars Mæhle. Boka handlar om Jo, som nyss er ferdig med ungdomsskolen. Rett før sommarferien forsvinn veslesystera hans. Det einaste sporet Jo finn, er e-postar til og frå ein som kallar seg Digory. Seinare finn Jo ut at Digory sit på lukka avdeling på den psykiatriske klinikken i bygda. Systera og Digory har bestemt seg for å rømme saman.

Den fyrste delen av litteraturopplegget er knytt til førlesefasen. Kva assosierer elevane med omslaget og tittelen på boka? Kva veit dei om *Narnia* frå før? Korleis er boka delt inn og strukturert?

Aktivitetane i denne bolken vekslar mellom klassesamtale, kortskriving og bruk av tankekart. I førlesefasen får elevane delt forkunnskapane sine samstundes som dei gjer seg klare til å lese boka.

Eit viktig verkty i dette litteraturprosjektet er loggboka. Alle kortskrivingsoppgåver og andre skriftlege oppgåver knytte til lesinga vert førte i loggboka. I tillegg vert loggboka nyttig for læraren. Ved å lese elevane sine refleksjonar kan læraren få innsikt i korleis arbeidsmåtene fungerer, og kva elevane har lært.

For å skape ein felles start les læraren introduksjonen høgt for elevane. Det første kapittelet les elevane sjølve på skulen, og kapittel to får elevane i lekse å lese heime. I neste økt med leseprosjektet summerer elevane og læraren opp i fellesskap kven hovudpersonane i boka er, og kva som har skjedd så langt.

Det andre kapittelet skal elevane fordjupe seg i ved hjelp av lesesirkelmetoden. Metoden går ut på at elevane les ein felles tekst i gruppene og snakkar saman om teksten etterpå. Både undervegs i lesinga og i gruppesamtalane har kvar elev ei bestemt rolle. Dei fem rollene er: Avsnittsguide, opplysar, regissør, koplar og ordkunstnar. Til kvar rolle har læraren laga eit sett med spørsmål.

Målet med metoden er at elevane skal verte betre kjende med teksten og at gruppesamtalen om teksten skal gje auka læringsutbytte. Elevane skal i dette prosjektet gjennomføre lesesirkel med roller på to av kapitla.

I filmen får vi sjå at læraren repeterer og modellerer dei ulike rollene for elevane. Dette er viktig for at elevane skal skjønne kva som vert forventa i dei ulike rollene. Elevane har òg øvd på rollene før i arbeid med kortare tekstar.

Ein annan læringsstrategi som vert nytta i dette litteraturprosjektet, er rolleskriving. Rolleskriving er styrte skriveoppgåver der elevane skal verte meir medvitne om innhaldet i det dei skriv, kven dei skriv for, og kva for sjanger dei skriv i.

Siste del av filmen viser ei undervegsvurdering med logg. Elevane seier kva dei tykkjer om litteraturprosjektet så langt, og korleis det er å arbeide med nynorsk litteratur.

Spørsmål til diskusjon

Kva fordelar ser du ved å la elevane arbeide med nynorsk litteratur på denne måten? Korleis går læraren fram for å auke leseforståinga og gje elevane ei rikare leseoppleving? Korleis vert lesing og skrivning kopla i dette opplegget? Kva gjer læraren for at elevane skal lære seg lesesirkelmetoden? Kva andre aktivitetar kunne det vore aktuelt å bruke i eit slikt lengre litteraturprosjekt?

Ressursar

Om lesesirkel og rollekort:
Lesesenteret 2007:
Bok i bruk på 5.–7. trinn (2006),
Bok i bruk på 8.–10. trinn,
Bok i bruk på videregående skole. Stavanger

Rollekort kan lastast ned frå:
www.lesesenteret.no

Om rolleskriving:
Lesesenteret 2006:
Fagbok i bruk, Stavanger

Engen, L. og C. Santa 1996:
Lære å lære, Stiftelsen
dysleksiforskning

45